

Bolga Grendeutvalg (BGU)

8158 Bolga

28. august 2023

Meløy kommune

5150 Ørnes

GJELD SVAR PÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL FOR MELØY KOMMUNE 2023-35

Bolga Grendeutvalg (BGU) er i store trekk nøgd med høyringsutkastet frå kommunen, i det som gjeld Bolga. Folkemøtet sine innspel er stort sett tatt til etterretning. Det vert etter det vi les av skissene mogeleg å bruke strandsona frå Vøren og innover mot eksisterande bustadsfelt.

Bustader og fritidsbustader er likestilt.

Bustader skal prioriterast, men desse kan nyttast til fritidsbustader dersom markedet endrar seg. Folkemøtet ønska å tillate bygging i heile strandsona gjennom dagens bustadsfelt. Nokre av dei mest attraktive tomteområda ligg her. I denne arealplanen er det foreslått å avslutte felt for bygging på Gnr. 3. Vi ber om at området vert forlenga til å gå gjennom heile den bebygde delen av Bolga. Ein arealplan som skal legge til rette for framtidig utvikling og tilflytting til øya bør ta hensyn til folkemøtet sine ønskjer og innspel.

Det er sjølvsagt opp til den einskilde grunneigar å benytte seg av denne mogelegheita.

Når det gjeld strandsona elles skal den vere til fri ferdsel i sitt fulle.

Når det gjeld veg støttar vi utbygger sitt ønske om plassering, utan å gå imot arealplanen sitt forslag om alternativ løysing. Slik utbygger (dei som ønskjer å investere i planane) har teikna vegen – forbi Bolga brygge, over ein molo og rundt stranda – vil heile området bli oppgradert både praktisk og estetisk slik vi ser det. I tillegg vil stranda då kunne oppfriskast og nyttast med ei naturleg grunne for badegjestar. Ikkje minst vil den ligge utruleg vakkert til.

Vi vonar utbyggingsplanane på øya vil bli godkjente slik at vi i nær framtid vil kunne ta imot fleire tilflyttarar, og næringar, på Bolga.

Mvh.

Jorunn A. Sagstad

for **Bolga Grendeutvalg (BGU)**